

# ARBEIDSGRUPPER VOSS HERAD 2020

26.03.2018

Mandat frå prosjektleiar

## ORGANISERING

Leing: Styringsgruppa har peika ut ein leiar for kvar arbeidsgruppe. Det skal vere ein representant frå kvar kommune hovudgruppene. Når leiargruppa i Voss herad er etablert vil leiarane i Voss herad overta som leiar for hovudgruppene.

Tillitsvald: Det skal vere ein tillitsvald i kvar hovudgruppe. Representasjon frå tillitsvalde i undergruppene vil bli vurdert frå gruppe til gruppe.

Verneombod: Verneombod blir kalla inn som valfri til møta i hovudgruppene. HVO skal delta i arbeidet med risikoanalyse av arbeidsmiljøet.

## MANDAT/PROSJEKTOPPDRAG

Mandatet bygger på Intensjonsavtala mellom Granvin herad og Voss kommune, og Styringsdokument.

1. Gruppene skal nytta det digitale verktøyet Samveis/gevinstrealisering.
2. Leiar i gruppa vel sjølv organisering av undergrupper, men begge kommunane skal vere representert i begge gruppene.
3. Arbeidet skal starta med utarbeiding av ein prosjektplan (mal frå Voss kommune) som skal vedtakast i administrativ styringsgruppe innan utgangen av august 2017.
4. Prosjektoppdrag
  - Beskrive mål/visjon for arbeidet
  - Kartlegga tenestenivå
  - Kartlegga tenestestruktur
  - Vurdera ulike løysingar på samordning/organisering
  - Beskriva dei føretrekte løysingane  
Beskriva ev. ny organisering og gevinstrealiseringsplan
  - Beskriva strategi og framdrift for gjennomføring/implementering av ny struktur/organisasjon
  - Økonomiske konsekvensar både for prosjektperioden og for Voss herad
  - Personalrelaterte tema skal handterast av arbeidsgruppa for personal
  - Andre overlappande tema skal avklarast i styringsgruppa
5. Det skal vera eit utviklingsfokus når ein planlegg tenestene i Voss herad. Følgjande overordna prinsipp skal leggjast til grunn for tenesteutviklinga i Voss herad:

- a. Førebygging og tidleg innsats
  - b. God heilskap og samhandling
  - c. God kvalitet
  - d. Nødvendig kompetanse
  - e. Medborgarskap, samskaping og sosialt entreprenørskap
  - f. Digitalisering og døgnopen forvaltning
6. Risikoanalyse både for prosjektet og for drifta av Voss herad på området.
7. Det skal utarbeidast ROS av omstillingsprosessen med tanke på arbeidsmiljøfaktorar og ROS av arbeidsmiljøet i ny organisasjon i samarbeid med vernetenesta. Analysen skal sendast til begge kommunane sine Amu til orientering.  
Leiar for arbeidsgruppa vil i samarbeid med verneombodet og prosjektleiar avgjera kva som skal rapporterast til kommunane sine AMU.
8. Leiar for arbeidsgruppa rapporterer til prosjektleiar etter rapportmal, i møte, eller etter behov.